


Kven var han som skreiv Tunet i det blå?

18.11.2013



Årboka Kvinnhersminne nummer 16 er i sal og stoffet om Skorpo er noko av det mest interessante sett gjennom uskedalsbriller.

Det gjeld sjølvsagt artiklane om livet på øya i gamle dagar og krigstida av Ragna Hjelmeland Langballe i Omvikdalen men også i høgste grad det skriftstyrar Halvor Medhus sjølv har skrive.



Han har eit godt samandrag av den roman som har vore mest omtala her i bygda sidan siste krig og også ein presentasjon av han som skreiv han.

'Tunet i det blå' kom ut i 1945 og er ei fargerik skilding av folkelivet i bygdene her først på 1800-talet. Medhus konstaterar at boka vekte stor forarging på 1940-talet med dei erotiske skildringane sine.

Men no, snart 70 år etter, verkar dei diskret og vakre, skriv Medhus

Men enda meir forarging vekte Lavik med teaterstykket 'Elsk meg' som han skreiv i

1956 og som skildra forviklingar

mellom 3 kvinner og 4 menn. Kven var han så eigentleg, denne mannen som var feriegjest

i bygda men også oppheldt seg her i lengre periodar under og etter krigen? Herbrand Lavik (1901/1965) var frå Bergen

og son av redaktør Johannes Lavik og fetter av den kjende politikaren Nils Lavik. Herbrand hadde ingen fommell utdanning

men studerte på eigenhånd slik at han vart svært

språkkunnig. Han var bladmann fleire stader her vest

etter artium og så var han verda rundt som sjømann,

gullgravar og laksefiskar - mellom anna, Han kom att i 1929

og gifta seg med franske Laure Jeanne Amelie Birnbaum året

etter. Dei fekk 2 døtre. Familien hadde det ikkje lett under krigen. Først kom dei til

Uskedalen og så til Skorpo der familien Langballe gav dei husly.

Då gjekk han mykje omkring og samla stoff, Vener hjalp dei med


pengar og dei nytta mykje av det naturen hadde.

Lavik var ein flittig forfattar. Faktisk skreiv han ein roman, 3 diktsamlingar, 3 novellesamlingar og ein biografi over franskmannen Francois Villon med gjendiktingar.

Litteraturforskarar slår fast at han hadde sans for det groteske og frodige liv. Det kom også til uttrykk under dei 20 åra han var frykta teateranmeldar i Bergens Tidende, Det han meinte var dårleg og middelmådig slo han nådelaust ned på men han var også kunnskapsrik og velartikulert. Det vart ofte debatt etter hans formuleringar i BT.

Og Uskedalen med Skorpo har han gjeve ein litterær dimensjon....

Av Ola Matti Mathisen



 [Tilbake](#)